



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Kommunestyret

Sak nr 24/10

Behandla i :

Kommunestyret
Hovudutval for lokal utvikling

Møtedato:

18.05.10
06.04.10

Sak nr:

24/10
35/10

Saksbehandler: Elisabeth Kolstø

Arkivsak: 09/43-10

Arkiv:

Møtedato:

C61

18.05.2010

FELLES BIBLIOTEKSYSTEM FOR KOMMUNANE SOLA, TIME OG KLEPP

INNLEIING

Det siste året har folkebiblioteka i dei tre kommunane gått saman om eit prosjekt for å samordna publikumstenester, samlingsutvikling og medieflyt. Målet er at dei tre folkebiblioteka skal kunna fungera som eitt bibliotek når det gjeld publikumstenester som utlån, innlevering, lånarregistrering og nett-tenester. Biblioteksjefane i dei tre kommunane har arbeidd med dette prosjektet sidan hausten 2008, og Time kommune har fått skjønstilskot på kr 150 000 frå Fylkesmannen i Rogaland for gjennomføring av prosjektet i samarbeid med Klepp og Sola.

BAKGRUNN FOR SAKA / SAKSOPPLYSNINGAR

Bakgrunnen for prosjektet er at folkebiblioteka på Jæren har samarbeidd om ulike tiltak gjennom fleire år, utan at ein har sett i verk mange praktiske tiltak. Tre ordningar fungerer per i dag:

- 1) Ei transportordning som med utgangspunkt i Gjesdal reiser rundt frå Randaberg i nord til Hå i sør og tek med seg bøker og andre media mellom biblioteka to gonger i veka. Alle folkebiblioteka og universitetsbiblioteket er med på denne ordninga, som er eit spleiselag mellom dei som er med. Ordninga er særst viktig for servicen til brukarane.
- 2) Tre biblioteksjefmøte kvart semester med Gjesdal, Hå, Klepp, Sola og Time med fokus på utveksling av røynsler og planar.
- 3) Ein felles bokvurderingsblogg for ungdom, <http://ungdomsboka.blogspot.com> der ungdomsbibliotekarar i Gjesdal, Hå, Klepp, Sola og Time melder bøker for ungdom.

Folkebiblioteka i Sola, Time og Klepp ønskjer no å ta eit steg vidare. Gjennom å slå saman biblioteksystema (katalog, lånarregister og websøk) ønskjer rådmannen å auka samarbeidet mellom dei tre biblioteka. Brukarane får betre tenester, det interne arbeidet vert effektivisert og samstundes får ein utnytta ressursane i samlingane betre enn i dag. Dei tre biblioteka vil i praksis fungere som likeverdige avdelingar der lånarane får høve til å nytta heile breidda av samlingane i dei tre biblioteka.

Rådmannen ser at slike tankar òg er med i St.meld. 23 (2008-2009) ”Bibliotek: kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid”. I kapittel 9.8 er eitt av tiltaka:

”Kultur- og kyrkjedepartementet vil stimulere til samarbeids- og samordningsløysingar i biblioteknettverket lokalt og regionalt. Målet er å prøve ut ulike organisasjonsmodellar, og gje rom for kreativ og fleksibel utprøving med basis til dømes i vertskommunemodellen.”

Framlegget om felles biblioteksystem i Sola, Time og Klepp stettar dette, og vil auka tilgangen til bibliotektenester for alle som bur i dei tre kommunane. Etter kvart vil det vera aktuelt med tilsvarande samarbeid for heile Jærregionen, og då vil etableringa av dette samarbeidet vera ein spydspiss og modell for ei seinare utviding.

Prosjektet baserer seg på at alle tre bibliotek nyttar biblioteksystemet Mikromarc 2, levert av Bibliotekenes IT-senter AS (BIBITS).

Rådmannen vil skissera nokre skilnader på korleis systemet fungerer i dag kontra det som er målet med samarbeidet.

Innkjøp/katalogisering

I dag gjer biblioteka dette kvar for seg. I tilfelle der alle biblioteka kjøper same bok, må alle operasjonane gjerast tre stader: bokval, registrering, bestilling, mottak og ferdig katalogisering. Med samanslegen katalog skal bokval, bestilling og mottak framleis skje på kvar plass. Ferdig katalogisering skal gjerast ferdig av det fyrste biblioteket som får boka. Etter at dette har fungert ei tid, vil ein vurdere om det er mogleg å samarbeida nærmare om medieinnkjøp òg, slik at dei tre biblioteka til saman får ei breiare samling enn ein har i dag. Det er kanskje ikkje særst mykje arbeid å spare på dette, men kvaliteten vil verta høgare og tilbodet betre.

Lånarflyt

I dag er ganske mange brukarar registrerte ved fleire av biblioteka, særleg gjeld dette Time og Klepp. Desse må i dag forholde seg til fleire ulike system for å ha oversyn over låna sine. Dei må gå inn på to eller tre nettsider og sjekka alle sine lån, fornya, reservera/bestilla og så vidare, ev. ringja fleire bibliotek for å fornya. Ved å slå saman lånarregistra vil brukarane ha fullt oversyn over kva dei har lånt, lånetid, reserveringar osv. hjå alle dei tre biblioteka på ein stad. Lån ved alle tre bibliotek kan fornyast ved å ta ein telefon i staden for to eller tre.

Medieflyt

I dag er det som tidlegare nemnt, ein transport som går mellom biblioteka på Jæren. Dette er praktisk for biblioteka, og gjer at utvekslinga av fjernlån går snøggare og billigare enn om ein skulle nytta posten. Likevel er det framleis tungvint dersom ein lånar i Klepp ynskjer ei bok som Klepp bibliotek ikkje har, men som fins hjå Time eller Sola. I dag vert dette gjort slik:

Lånaren tek kontakt med Klepp bibliotek som registrerer dette som eit fjernlånsønske. Ein bibliotekar på Klepp tingar frå Time. Så må Time låna ut til Klepp og sende med boktransporten til Klepp. Deretter må Klepp registrera boka som motteken og senda melding til lånaren om at boka er komen. Når lånaren er ferdig med boka, må han

levera på Klepp bibliotek som så sender boka med boktransport til Time. Dersom låanaren leverer på Time sjølv, vert det sendt purring frå Klepp.

Med det nye samarbeidet vil same operasjon gjerast slik:

Låanaren går inn på felles websøk for Klepp, Sola og Time og tingar boka. Samstundes vel han at han vil henta boka på Klepp. Då får Time melding om at boka skal sendast til Klepp, og sender boka med boktransporten. Når boka blir motteken på Klepp sender Klepp bibliotek melding til låanaren. Når han er ferdig med boka, kan han levera kvar han vil.

På denne måten vert låanarane meir sjølvhjelpete, og heile prosessen bli mindre byråkratisk for både låanarane og biblioteka.

Som ein del av prosjektet er det etter kvart identifisert fleire område som treng politisk handsaming i dei tre kommunane. Biblioteka har ulik praksis rundt purringar, gebyr, lånetider og reglement, noko som må samkøyrast dersom dette skal fungera godt.

Det har vore inngåande kontakt med Datatilsynet for å sikra at personvernet til låanarane vert teke vare på. Konklusjonen til Datatilsynet er at sidan heile bibliotektenesta ikkje vert slått saman, bør kommunane ha eit felles behandlingsansvar etter Personopplysningslova. Dette bør delegerast til ein av biblioteksjefane. Det vanlege i tilsvarende samarbeid er at biblioteksjefen ved det største biblioteket får tillagt dette ansvaret.

VURDERING

Som nemnt over har biblioteka ulik praksis rundt purringar, gebyr, lånetider og reglement. Skal eit slikt samarbeid fungera godt, må det vera sams regelverk på alle biblioteka. Ved ulik praksis og gebyr kan brukarane verta freista til å velja bibliotek ut frå storleiken på gebyra, ulik lånetid på dei ulike media m.m.

Gebyr

Dersom ein lånar ikkje leverer tilbake materiale i rett tid, har ein i dag desse purregebyra (kronebeløp) i dei ulike kommunane (totalsum i parentes):

	Sola	Klepp	Time
1. purring	10	10	20
2. purring	10 (20)	20 (30)	30 (50)
3. purring	10 (30)		60 (110)
Erstatningskrav	60 (90)	50 (80)	0 (110)

Gebyra i Sola og Klepp er ikkje regulert på årevis, medan Time auka gebyra i 2009. Det er òg ulik praksis ved at Klepp sender to purringar føre det vert sendt erstatningskrav, medan Sola og Time sender tre purringar føre erstatningskravet vert sendt. Lånarar med registrert e-post eller mobilnummer får no ei gratis påminning om at utlånsdatoen nærmar seg. Dette gjer det enklare å halda greie på kva lån ein har, og det vert lettare å overhalda ansvaret om å levera til rett tid. Difor meiner rådmannen at det bør halda med to purringar før erstatningskravet.

Når det gjeld økonomien i gebyrsaka, styrer datasystemet det slik at purringane vert sende frå biblioteket lånaren har lånt frå, ikkje biblioteket som eig eksemplaret. Det same gjeld her som for bøker: lånaren vel sjølv kvar han vil betala.

Framlegg til felles gebyr i dei tre kommunane vert såleis:

1. purring: kr 20, 2. purring kr 30, erstatningskrav kr 50, til saman kr 100,-. Erstatning ved tap av lånekort vert kr. 20,-.

Lånereglement

Skal eit felles lånesystem fungera må det vera felles reglement. Vedlagt er framlegg til felles reglement for dei tre biblioteka. Felles køyrereglar er viktig slik at brukarane ikkje skal måtta forholde seg til ulike rutinar og reglar ved dei ulike biblioteka som er med.

Biblioteka har i dag litt ulike lånetider på andre media enn bøker. Klepp og Time har fire veker på alt anna enn film og dataspel, der er det ei veke. Sola har ei veke på tidsskrift, film og dataspel og 8 veker på språkkurs. Vårt felles framlegg er at dette bør inn i lånereglementet:

” Normal lånetid er 4 veker. Film og dataspel 1 veke, tidsskrift 2 veker og språkkurs 8 veker. Rett lånetid står på kvitteringa.”

Grunnen til dette er at det er lurt å ha berre to veker lånetid på tidsskrift sidan fleire av tidsskrifta som vert lånte ut er vekeblad. Det er òg materiale som er lettare å få lese på to veker enn det som gjeld for bøker. Ei lånetid på åtte veker for språkkurs er fornuftig ut frå erfaringar om kor lenge folk faktisk treng å ha språkkursa for å koma gjennom dei. I tillegg praktiserer biblioteka kortare lånetid på bøker som har lange ventelister.

Avtale

Dette samarbeidet skal ikkje etablera eit nytt organ, men fungera som eit likeverdig samarbeid. Avtalen fastslår køyrereglar for samarbeidet, og definerer kva rettar og plikter kvart bibliotek har. Avtalen tek utgangspunkt i noverande budsjetttrammer, og kjem ikkje til å få økonomiske konsekvensar. Kommunane blir ikkje bundne opp i nye utgifter, men dersom det vert gjort store kutt i innkjøpsbudsjettet til eit bibliotek, må kommunen samstundes trekkja seg frå samarbeidet.

Biblioteksjefane må møtast jamleg for å drøfta spørsmål vedrørande samarbeidet. I tillegg er det i avtaleutkastet (pkt. 6.3) føreslått eit årleg møte med ein politisk representant frå kvar kommune der større endringar vert drøfta, t.d. endringar av lånereglementet. Eventuelle endringar av avtalen må godkjennast av kvar kommune.

Økonomi

Direkte kostnader med omleggingane blir dekkja av skjønstilskotet. Når dei nye rutinane og systema er etablerte, reknar ein ikkje med ekstra kostnader for kommunane.

KONKLUSJON

Rådmannen meiner at det føreslegne samarbeidet vil tena brukarane og biblioteka gjennom:

- Brukarane vil enkelt få nytta samlingane i alle kommunane.
- Synlegare og enklare digitale tenester til brukarane.
- Forenkling for dei som bruker fleire enn eitt bibliotek.
- Høgre kvalitet i det faglege arbeidet.
- Effektivisering av innkjøps- og fjernlånsprosessane.
- Biblioteka vil stå sterkare ved framforhandling av avtaler med leverandørar.
- Samordna og felles gebyr.

Rådmannen tilrår at Klepp kommune sluttar seg til framlegg til felles biblioteksystem for kommunane Klepp, Sola og Time i tråd med vedlagt avtale og lånereglement. Rådmannen får fullmakt til å fastsetje dato det felles biblioteksystemet blir gjort gjeldande frå . Gebyra ved tap av lånekort og for sein innlevering vert samordna mellom kommunane i tråd med pkt. 3 og 10 i forslag til felles lånereglement. Justering av framtidige felles gebyr skal godkjennast av kommunane i behandlinga av økonomiplanane.

Vedlegg:

1. Utkast til avtale mellom kommunane Klepp, Sola og Time om felles bibliotekskatalog.
2. Utkast til felles lånereglement for biblioteka i Klepp, Sola og Time.

Innstilling:

Rådmannen tilrår at saka går til kommunestyret med følgjande tilråding:

1. Klepp kommune sluttar seg til framlegg til felles biblioteksystem for kommunane Sola, Time og Klepp i tråd med vedlagt avtale og lånereglement. Rådmannen får fullmakt til å fastsetje dato når det felles biblioteksystemet blir gjort gjeldande.
2. Gebyra ved tap av lånekort og for sein innlevering vert samordna mellom kommunane i tråd med pkt. 3 og 10 i forslag til felles lånereglement. Justering av framtidige felles gebyr skal godkjennast av kommunane ved behandling av handlings-/økonomiplanane.

Hovudutval for lokal utvikling den 06.04.2010 sak 35/10

Samrøystes TILRÅDING:

1. Klepp kommune sluttar seg til framlegg til felles biblioteksystem for kommunane Sola, Time og Klepp i tråd med vedlagt avtale og lånereglement. Rådmannen får fullmakt til å fastsetje dato når det felles biblioteksystemet blir gjort gjeldande.
2. Gebyra ved tap av lånekort og for sein innlevering vert samordna mellom kommunane i tråd med pkt. 3 og 10 i forslag til felles lånereglement. Justering av framtidige felles gebyr skal godkjennast av kommunane ved behandling av handlings-/økonomiplanane.

Kommunestyret den 18.05.2010 sak 24/10

KOMMUNESTYREVEDTAK:

Med alle røyster vart vedteke:

Hovudutval for lokal utvikling si samrøystes tilråding vart godkjent.

Klepp kommune, 19.05.2010

Elfin Lea
ordførar

Wigdis B. Detlie
formannskapssekr.

Kopi til:
Time kommune, Postboks 38, 4349 Bryne
Sola kommune, Postboks 99, 4097 Sola